

# PRESSEMELDING



## NORSK FOTBALL MED NASJONAL INNSAMLINGSAKSJON

Den årlege veteranfotballturneringa i Sogn ([www.veterancup.no](http://www.veterancup.no)) får i år besøk av spelarar og lag frå Ukraina. Spelarane har vore involvert i krigen på ulike måtar, ein som soldat og fleire som frivillige for den ukrainske hæren. Dei kjem mellom anna frå Donbass og Kherson, og alle har fått løyve til å reisa til Norge og delta i turneringa.

Innsamlingsaksjonen «Fotball for Ukraina», med offisiell støtte frå **Norges Fotballforbund**, skal samla inn pengar til humanitære formål i Ukraina.

- På [www.fotballforukraina.no](http://www.fotballforukraina.no) stiller landslagstrenarane Ståle Solbakken og Hege Riise seg bak innsamlingsaksjonen
- Dei ukrainske fotballspelarane skal møte representantar frå regjeringa på Stortinget den 25.01, samt møte Norges Fotballforbund på Ullevål same dag
- Den ukrainske Chargé d'affaires i Norge vil ta del i arrangementet
- Det vert arrangert ein solidaritetskonsert for Ukraina i Lærdal kulturhus den 26.01.
- Fotballpresident Lise Klaveness vil gje ei videohelsing under denne konserten

Ta kontakt for fleire opplysningar:

Leiar av «Fotball for Ukraina»: Rolf Jerving, [rolf.jerving@gmail.com](mailto:rolf.jerving@gmail.com) (+47) 90 84 38 38

Leiar Veterancupen: Roald Flodsand, [roald.flodsand@tide.no](mailto:roald.flodsand@tide.no) (+47) 91 66 77 76

Media-ansvarleg: Odd Helge Brugrand, [ohbrugrand@gmail.com](mailto:ohbrugrand@gmail.com), (+47) 40 06 50 69

*Om Veterancupen og Fotball for Ukraina:*

*Alt arbeid med veterancupen og innsamlingsaksjonen vert utført på dugnad av initiativrike og ressurssterke personar knytt til idrettslag i Lærdal, Årdal og Aurland. I 25 år har veterancupen gitt godt vaksne fotballspelarar frå heile Norge ein fast sportsleg og sosial treffstad siste helga i januar. Alt overskot har tidlegare gått til barneidrett i kommunane. I 2023 går alt overskot frå turneringa inn som bidrag til innsamlingsaksjonen «Fotball for Ukraina». Sogn Sparebank er bank for innsamlingsaksjonen og hovudsponsor for Veterancupen 2023.*

